Klausen Industrier

Planomtale Detaljreguleringsplan Klausen Industrier, gbnr. 38/356 m.fl.

Plan-id.: 4648-202502

Oppdragsnr.: 52504607 Dokumentnr.: PLAN-RAP-01 Revisjon: J03 Dato: 2026-03-02



Norconsult

Oppdragsgjevar:	Klausen Industrier
Oppdragsgjevars kontaktperson:	Asbørn Steen
Rådgjevar:	Norconsult Norge AS
Oppdragsleiar:	Åsmund Veigel Gaukstad
Fagansvarleg:	Ane Marie Gjerland
Andre nøkkelpersonar:	Gjert Aaberge Dahl (VAO) og Marte Elverum (ROS)

Revisjon	Dato	Omtale	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
A01	06.10.2025	Disposisjon og innhald.	AnMGj		
J02	30.01.2026	For bruk.		EmBNe	AnMGj
J03	02.03.2026	Justert etter tilbakemelding frå kommunen.	AnMGj		

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Forord

Norconsult Norge AS har på oppdrag frå framleggsstillar Klausen Industrier AS utarbeidd detaljreguleringsplan for gbnr. 38/356 mfl. i Bremanger kommune. Planen er utarbeidd som ein detaljreguleringsplan i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova, i samarbeid med Klausen Industrier og Bremanger kommune.

Planen femnar om:

- Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova.
- Planomtale som klargjer mål, prinsipp og planen sine vesentlege verknader i høve miljø, samfunn og røyrde partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova.
- Risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova. Resultata/funna i ROS-analysen er oppsummert i kapittel 5.16 i omtalen, og har gjeve føringar for utforming av planframlegget.

Hos Norconsult Norge AS har arealplanleggjar Åsmund Veigel Gaukstad og Ane Marie Gjerland utarbeidd planen. Kontaktpersonar hjå oppdragsgjevar har gjennom prosjektperioden vore Asbjørn Steen, Gunnar Mundal og Johnny Røys.

Bakgrunn **5**

1 Planprosess **6**

1.1 Planoppstart 6
1.2 Forskrift om konsekvensutgreiing 7
1.3 Medverknad 7
1.3.1 Dialogmøte med Bru Eigedom AS 7
1.3.2 Dialogmøte med Vestland fylkeskommune 8

2 Planstatus og rammer for arbeidet **9**

2.1 Arealdelen til kommuneplanen (2024-2036) 9
2.2 Reguleringsplan 9
2.3 Tilhøve til overordna planar 10
2.4 Andre lokale føringar 11
2.5 Nasjonale forventningar og statlege retningslinjer 11
2.5.1 Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing 11
2.5.2 Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen 11
2.5.3 Statleg planretningsline for bustad-, areal- og transportplanlegging 11
2.5.4 Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga 12
2.6 Regionale føringar 12
2.6.1 Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 12
2.6.2 Regional plan for klima 2022-2035 13

3 Dagens situasjon **14**

3.1 Lokalisering og dagens bruk 14
3.2 Eigedomstilhøve 15
3.3 Planavgrensing 15
3.4 Eksisterande bygnad 16
3.5 Topografi og landskap 17
3.6 Friluftsliv 18
3.7 Kulturminne og kulturmiljø 19
3.8 Naturressursar 19
3.9 Natur- og artsmangfald 19
3.10 Trafikk 20
3.11 Born sine interesser 20
3.12 Støy 21
3.13 Risiko og sårbarheit – eksisterande situasjon 21
3.13.1 Flaum 21
3.13.2 Grunnforureining 22
3.13.3 Områdestabilitet 23
3.13.4 Skred 23

4 Skildring av planframlegget **25**

4.1 Formålet med planen 25
4.2 Planlagt arealbruk 26
4.3 Plankart 26
4.4 Bygningskonsept og volum 27
4.5 Vegar og vegtilkomst 29

5 Verknadar av planframlegget 30
5.1 Bygge- og anleggsfasen 30
5.2 Terrengtilpassing og overskostmassar 30
5.3 Støy og forureining 31
5.4 Infrastruktur og VA 31
5.5 Trafikk 32
5.6 Kollektivtrafikk 33
5.7 Landskap og estetikk 34
5.8 Stadkarakter 36
5.9 Strandsone, sjø og vassdrag 37
5.10 Naturressursar 37
5.11 Vurdering etter naturmangfaldlova § 8-12 38
5.12 Kulturlandskap og kulturminne 38
5.13 Barn og unge 39
5.14 Risiko og sårbarheit 39
5.15 Skredfare 40
5.16 Eigedomsstruktur 40
5.17 Økonomiske konsekvensar 40

6 Planar og føringar for planarbeidet 41
6.1 Nasjonale forventningar og retningsliner 41
6.1.1 Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing 41
6.1.2 Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 41

7 Kort om vidare saksgang 42

8 Innkomne merknadar til varsel om oppstart 43

9 Referansar 49

10 Vedlegg 50

Bakgrunn

Klausen Industrier Svelgen AS er ei allsidig servicebedrift som gjer arbeid med stål, syrefast og aluminium.

Verksemda arbeider med ei rekke ulike aktørar, mellom anna innan industri, bygg og anlegg og vassverk/drikkevassforsyning. Arbeidet omfattar reperasjon og vedlikehald av produksjon- og driftsutstyr, i tillegg til produksjon av stålkonstruksjonar (1).

Grunna auka aktivitet treng verksemda ein detaljreguleringsplan som sikrar framtidige behov. Viktigast er å få etablert ein ny industrihall i tilknyting til eksisterande.

Planen skal legge til rette for etablering av ny industrihall, samt sikre ny tilkomst frå avkøyrsla i vest frå fv. 614, Gunnar Schjelderups veg.


For nærmare informasjon om tiltaka planen legg til rette for, sjå skildring av planframlegget i kapittel 4.

1 Planprosess

1.1 Planoppstart

Det vart halde oppstartsmøte med Bremanger kommune 17. juni 2025. Referatet frå oppstartsmøtet følgjer planframlegget som eige vedlegg [1].

Planarbeidet vart varsla sommaren 2025, i tråd med plan- og bygningslova. Fristen for å kome med merknader var sett til 23. september 2025. Alle innkomne merknader er vurderte og kommenterte – sjå kapittel 88, *Innkomne merknader til varsel om oppstart*. Varslinga skjedde gjennom kunngjering i Firdaposten og kommunen sine heimesider, samt brev til naboar, grunneigarar og aktuelle etatar. Kopi av kunngjeringa i Firdaposten følgjer under.



VARSEL OM REGULERING
Privat detaljregulering for Klausen Industrier, gbnr. 38/356 mfl, Bremanger kommune

I samsvar med §§ 12-1, 12-3 og 12-8 i plan- og bygningslova vert det varsla om oppstart av planarbeid for gbnr. 38/356 mfl. Planarbeidet femnar om eigedomane gnr. 38, bnr. 413, 356, , 301 og 332.

Formålet med planarbeidet er å sikre moglegheiter for utvikling av drifta, i tråd med avsett areal i arealdel til kommuneplan. Område det vert varsla oppstart på skal sikre moglegheiter for etablering av ny industrihall, administrasjonsbygg og parkeringsplass for besøkande og tilsette. Planen skal greie ut ny tilkomst for administrasjonsbygget frå vest om Kv2350. Planen skal konkretisere føringane frå arealdel til kommuneplan.

Planarbeidet er vurdert til å ikkje verte fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Norconsult AS gjennomfører planarbeidet for Klausen Industrier AS.

Informasjon om planarbeidet er lagt ut på kommunen si internettadresse: https://bremanger.kommune.no/tenester/plan-og-hoyringar/hoyringar

Innspel til varsel om oppstart av planarbeidet kan sendast til Norconsult AS, Campus Fosshaugane, Trolladalen 30, 6856 Sogndal, **innan 23. september 2025**.

Norconsult

Figur 1-1: Kunngjeringa som blei annonsert i Firdaposten i samband med varslinga av planoppstart.

1.2 Forskrift om konsekvensutgreiing

Iht. forskrifta om konsekvensutgreiingar, skal det som del av planarbeidet gjerast vurderingar etter §§ 6 og 8 i forskrifta.

Vurdering etter § 6:

I samsvar med bokstav b) skal tiltak i vedlegg I alltid konsekvensutgreiast. Unntak gjeld reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er utgreidd i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med planen.

Hovudformålet med planen er å legge til rette for industri i tilknyting til eksisterande industriområde. Arealbruken er delvis konsekvensutgreidd som del av arbeidet med kommuneplanen for området.

Vurdering etter §8:

Paragraf 8 omfattar tiltak i vedlegg II som har vesentlege verknadar etter § 10. Tiltaka som planen legg til rette for er ikkje vurdert til å falle inn under vedlegg II.

Det er på bakgrunn av ovannemnde konkludert med at tiltaka planen legg til rette for tidlegare er utgreia og difor ikkje løyser ut krav om konsekvensutgreiing i samsvar med gjeldande forskrift. Bremanger kommune har ikkje kome med opplysningar eller argument som talar imot konklusjonen.

1.3 Medverknad

Det er som del av planprosessen gjort naudsynte avklaringar undervegs. Formålet har mellom anna vore å avklare krav til sløkkevatn, krav til veg og infrastruktur og spørsmål knytt til byggegrenser.

Det er utført dialogmøter med både Bru Eigedom AS og Vestland Fylkeskommune.

1.3.1 Dialogmøte med Bru Eigedom AS

Bru Eigedom AS v/Bjarte Steinhovden bad i uttale til varsel om planoppstart om at det som del av planarbeidet blei avhalde eit dialogmøte for å avklare arealbruken i området nærmast fjorden og omsynet til tilkomsten til overføringsleidningen som er etablert ved fjorden rett vest for planområdet.

Det blei den 5. november 2025 avhalde eit dialogmøte i Norconsult sine lokaler i Førde.

Bjarte Steinhovden deltok i møtet og representerte Bru Eigedom AS (Steinvik).

Som del av møtet blei det avklara at arealet som Klausen Industrier treng for å sikre framtidig drift og utvikling av si verksemd ikkje vil komme i konflikt med tiltaka som Breivika Eigedom AS har etablert ved fjorden.

Vidare blei det stadfesta at planlagt vegtilkomst ikkje er til hinder for tilkomsten til sjø, og at tilkomstvegen kan nyttast i anleggsfasen dersom Klausen Industrier ser behov for det.

Det er viktig for alle partar at området vert sikra slik at anlegget nede ved sjøen ikkje vert utsett for steinnedfall og liknande ved arbeid i området.

Referat frå møtet er oversendt alle møtedeltakarane. Det er ikkje gitt tilbakemelding om merknadar til innhaldet i referatet. Referatet frå møtet følgjer planframlegget som eige vedlegg [2].

1.3.2 Dialogmøte med Vestland fylkeskommune

Det blei den 30. januar 2026 avhalde dialogmøte med Vestland Fylkeskommune.

Formålet med møtet var å avklare dei særskilde innspela som Vestland fylkeskommune kom med som del av uttala til varselet om oppstart. M.a. om verknadane for vegtransport og vegnett, om manglande tilbod for mjuke trafikantar langs den kommunale vegen *Gunnar Schjelderups veg* og ev. behov for busshaldeplass langs fv. 614.

Vidare ynskte Klausen Industrier å gjennomgå plasseringa av byggjegrensa mot fv. 614 *Gunnar Schjelderups veg*.


Referat frå møtet følgjer som eige vedlegg, sjå vedlegg [3].

2 Planstatus og rammer for arbeidet

I kapittel 2 er planstatus og rammer for planarbeidet nærmare omtala.

2.1 Arealdelen til kommuneplanen (2024-2036)

Området er i kommuneplanen for Bremanger, vedteken av kommunestyret den 15.10.2024 (plan-id.: 4648_201804) sett av til landbruks-, natur og friluftsområde (LNFR) og næringsføremål.



Figur 2-1: Syner kommuneplanen for Bremanger, 2024-2036 (plan-id.: 4648-201804) for planområdet, som er markert med svart stipla linje.

I planen er næringsføremålet (BN49, noverande) vidareført og utvida mot sørvest (BN49, framtidig), i tråd med Klausen Industrier sine planar.

Mellom nytt næringsareal og fylkesveg 614, *Gunnar Schjelderups veg,* er området avsett til LNF (L1) i samsvar med reguleringsplanen *Fv. 614 Breivika – Svelgen*.

2.2 Reguleringsplan

Arealet langs Fv 614 er innanfor byggegrensa i reguleringsplanen *Fv 614, gang- og sykkelveg Svelgen* (Planid: 4648_201801). Sjå Figur 2-2.

Som namnet indikerer er det primært fylkesvegen og kringliggjande areal som er del av planen. Områda sør og aust for eksisterande bygning er avsett til industri (BI1), medan områda som ligg lenger vest ved *Strandvegen* er avsett til LNFR (L1).



Figur 2-2: Syner reguleringsplan Fv 614, gang- og sykkelveg Svelgen (Plan-id: 4648_201801) som gjer seg gjeldande for delar av området.

2.3 Tilhøve til overordna planar


Planframlegget er vurdert til å vere delvis i samsvar med overordna plan.

Av kommuneplanen følgjer det for det skraverte arealet nærmast fv. 614 at *Reguleringsplan Fv. 614, gang- og sykkelveg Svelgen* (Plan-id: 4648_201801) framleis skal gjelde. Delar av det arealet som i reguleringsplanen for Fv. 614 gang- og sykkelveg er i framlegg til ny plan føresett gjort om til køyreveg inkl. annan veggrunn, grønt.

Vidare er den «inneklemte» stripa mellom BN49 og Fv. 614 som i gjeldande plan er avsett til LNF (L), føresett gjort om til industri.



Figur 2-3: Syner utarbeidd planframlegg. Kjelde: Norconsult.



Figur 2-4: Syner planområdet med raud stipla linje saman med kommuneplanen for Bremanger, 2024-2036.

Fv. 614 og langsgåande gang- og sykkelveg er direkte vidareført frå gjeldande detaljreguleringsplan (Plan-id: 4648_201801). Unntak gjeld for siktssonene som er oppdaterte og byggegrensa mot Fv. 614. Denne er som del av planframlegget føresett endra til 6,25 meter frå gang- og sykkelvegen langs Fv. 614. Byggegrense og påskrift (avstand) følgjer av plankartet.

2.4 Andre lokale føringar

Forutan gjeldande planar og kommuneplan, gjer kommunen si VA-norm seg gjeldande for planlagde tiltak. VA-norma er lagt til grunn ved utarbeiding av VAO-rammeplanen som følgjer planframlegget som vedlegg [4].

2.5 Nasjonale forventningar og statlege retningslinjer

Ei rekke nasjonale forventningar og statlege retningslinjer gjer seg gjeldande for planarbeidet. Retningslinjene som er vurdert som mest relevante for tiltaka som planen legg til rette for er kort omtala i dette kapittelet.

2.5.1 Statleg planretningslinje for klima- og energi

Retningslinjene skal sikre at klima- og energiomsyn vert ein integrert del av planlegginga slik at nasjonale klimamål vert nådde, naturmangfald vert ivareteke og samfunnet vert betre rusta for å handtere klimaendringar.

Oppdatert kunnskap, konkrete mål, tiltak og samordning på tvers av sektorar skal ligge til grunn i planarbeidet. Planlegginga skal legge til rette for låge utslepp, areal- og energieffektive løysingar, god klimatilpassing og synleggjering av klima- og energiomsyn i planomtalar og saksframlegg.

Reduksjon av utslepp, unngå nedbygging av karbonrike areal, lokal energiforsyning og sirkulære og naturbaserte løysingar skal vektleggast. Vidare skal planlegginga ske i dialog med relevante aktørar for å funne gode, lokale løysingar som stettar overgangen til eit lågutsleppssamfunn.

2.5.2 Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Planområdet fell innanfor verkeområdet til dei statlege planretningslinjene med mål om å ivareta ålmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen.

Planområdet ligg i ei sone med mindre arealpress i strandsona og dermed mindre strenge føringar for arealbruken.

Retningslinene for område med mindre press på areala i strandsona, legg til grunn at reguleringsplanar ikkje bør tillate utbygging i område som har særskild verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsle, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturmiljø og landskap.

Der det vert opna for bygging, bør omsynet til andre interesser bli best mogeleg ivareteke. Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar må sjåast i samanheng med omsynet til strandsona og vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet.

2.5.3 Statleg planretningsline for arealbruk og mobilitet

Retningslinjene skal bidra til meir effektive planprosessar og ei samordna og berekraftig utvikling av arealbruk og mobilitet, der planlegginga støttar opp under nasjonale mål for klima, natur og miljø. Retningslinjene skal sikre at

utbyggingsmønster og transportsystem blir utvikla på ein måte som reduserer klimagassutslepp, tek vare på naturmangfald og karbonrike areal, og legg til rette for attraktive, kompakte og velfungerande byar og lokalsamfunn. Dei skal òg styrke folkehelse, livskvalitet og verdiskaping gjennom gode mobilitetsløysingar og effektiv arealbruk.

2.5.4 Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga

Føremålet med retningslinjene er å:

a) Synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova.
b) Gje kommunar betre grunnlag for å integrere og ivareta born og unge sine interesser i si løpande planlegging og byggesakshandsaming.
c) Gje eit grunnlag for å vurdere saker der interessene til born og unge kjem i konflikt med andre omsyn/interesser.

På dette plannivået skal kommunen:

a) Vurdere konsekvensar for barn og unge i plan- og byggesakshandsaminga etter plan- og bygningslova.
b) Utarbeide retningsliner eller føresegner om omfang og kvalitet av areal og anlegg av betyding for barn og unge, som skal sikrast i planar der born og unge er råka.
c) Organisere planprosessen slik at synspunkt som gjeld barn som råka part kjem fram og at ulike grupper barn og unge sjølv vert gjeve høve til å delta.

2.6 Regionale føringar

I tillegg til ovannemnde statlege og rikspolitiske føringar ligg det føre ei rekkje regionale føringar som er klarlagt i ulike planar. Sentrale regionale planar for dette planarbeidet er m.a.:

- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027.
- Regional plan for klima 2022-2035.

2.6.1 Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027

Føremålet med Regional plan for vassforvaltning er å omtale korleis vi ønskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i regionen over tid og i alle sektorar. Planen skal bidra til at vi når måla som følgjer av vassforskrifta (2).

Planen fastset miljømål for elvar, bekker, innsjøar, grunnvatn og kystvatn og gjeld alle sektorar og skal medverke til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er gjennom planen plikta til å legge miljømåla til grunn for si planlegging og verksemd.

Planområdet ligg i vassregion Nordfjord som består av Kinn, Bremanger, Gloppen, Stryn, Luster, Sogndal og Sunnfjord. Vassregionen utgjer 12% av vassregion Vestland.

2.6.2 Regional plan for klima 2022-2035

Regional plan for klima er ein overordna og langsiktig strategi for å kutte klimagassutslepp, redusere klimarisiko og utvikle eit berekraftig samfunn fram mot 2035. Planen gjeld for heile Vestland og skal brukast av både kommunar, fylkeskommunen, statlege aktørar, næringsliv og innbyggjarar.

Hovudmålet er at Vestland skal vere ein pådrivar for nullutsleppssamfunnet, med ambisjon om netto null direkte utslepp innan 2030.


Desse temaa er lista opp som prioriterte tema i planen; (1) redusere direkte klimagassutslepp, (2) redusere klimafotavtrykket, (3) eit trygt og robust Vestland – klimatilpassing, (4) sikre naturmangfald samt (5) klimarettferd og folkehelse.

3 Dagens situasjon


I kapittel 3 er dagens situasjon i planområdet nærmare omtala.

3.1 Lokalisering og dagens bruk

Planområdet er lokalisert sørvest for Svelgen sentrum på eigedom gbnr. 38/356 og delar av 38/413 og 38/301 i Bremanger kommune. Planområdet utgjer kring 14 daa og er synt i Figur 3-4.



Figur 3-1: Syner lokaliseringa av planområdet i lokal kontekst. Svelgen, tettstad og administrasjonssenter i Bremanger kommune, ligg innst i fjorden (til høgre). Kjelde: Fylkesatlas.no.




Figur 3-2: Planområdet ligg på nordsida av fv. 614 og omfattar eksisterande hall på gbnr. 38/301. Kjelde: Fylkesatlas.no.

3.2 Eigedomstilhøve

Planområdet omfattar gbnr. 38/301, 38/356 og delar av 38/413 i Svelgen i Bremanger kommune.

Byggetiltaka er føresett etablert som del av desse eigedomane.

I Figur 3-3 er matrikkelen, eigedomskart med innmålingskvalitet (DOK) vist. Grøne punkt med svart omriss viser grensepunkt, offentleg godkjent grensemerke, medan grøne linjer er eigedomsgrenser, nøyaktige målingar.




Figur 3-3: Kart som viser eigedomsgrenser og innmålte punkt med innmålingskvalitet på eigedomane i og rundt planområdet. Grøn farge indikerer at grensene har god kvalitet (nøyaktige målingar). Kjelde: Fylkesatlas.no.

3.3 Planavgrensing

Ved varsel om oppstart av planarbeidet blei det teke med meir areal mot fjorden enn det Klausen Industrier treng for å sikre utviding av si verksemd. Planområdet som blei varsla ved oppstart (som synt i Figur 3-4) er difor som del av planarbeidet søkt avgrensa noko, særleg mot fjorden i nordvest. Justert plangrense etter varsel om oppstart følgjer av Figur 3-6.

Planområdet er avgrensa til det arealet som er naudsynt for å sikre sikt mot fv. 614 *Gunnar Schjelderups veg*, vegtilkomst frå vest og utbyggingsområda der Klausen Industrier ynskjer å utvide verksemda si.

I tillegg har områda ved fjorden ein anna tiltakshavar. Etter det vi har opplysningar om er det i området allereie gitt løyve til dei tiltaka som det er ynskje/behov for. Det er avklara mot tiltakshavar at det ikkje er ynskje om at areala ved fjorden blir teke med som del av planen for å sikre ev. vidare utvikling av området.



Figur 3-4: Syner planavgrensinga som blei varsla ved varsel om oppstart av planarbeidet. Kjelde: Norconsult Norge AS.

3.4 Eksisterande bygnad

Planen omfattar i hovudsak eksisterande industrihall på eigedom gbnr. 38/301 med tilhøyrande utomhusareal. Sjå Figur 3-5. Områda rundt eksisterande bygg vert primært brukt til utvending lager, parkering og manøvreringsareal til og rundt industrihallen.

Elles er delar av fv. 614, *Gunnar Schjelderups veg* med tilhøyrande gang- og sykkelveg, samt arealet som ligg mellom fv. 614 og delar av vegen ned til overføringsleidningen ved fjorden teke med som del av planområdet.



Figur 3-5: Eksisterande industrihall på gbnr. 38/301 sett frå fv. 614 mot sørvest. Kjelde: Statens vegvesen, Vegbilder.

Eksisterande hall er tilkytt system for fjernvarme gjennom bruk av overskotsvarme frå Elkem Bremanger. Vatnet vert brukt til oppvarming av både luft og radiatorar i sveisehallen.




Figur 3-6: Justert plangrense synt i ein 3D-modell med flybilete av området. Kjelde: ArcGIS Norconsult Norge AS.

3.5 Topografi og landskap


Planområdet er del av landskapstypen 21 Ytre fjordbygder på vestlandet. På lokalt nivå er området del av LT21-02 Gulen/Frøyssjøen (småfjord og storsund) med verdi C - underregion 21.8.

Planområdet ligg i strandsona/100-metersbeltet langs fjorden. Som ein kan sjå både av Figur 3-7 og Figur 3-8 er strandsona i området svært bratt og stadvis lite tilgjengeleg. Det er ikkje kjent at det er særskilde kvalitetar med omsyn til friluftsliv i strandsona innanfor planområdet, sjå kap. 3.6 for nærmare omtale.

Planområdet er i dag delvis kupert i den delen av området som er ynskt vidareutvikla til industriføremål. Eksisterande industrihall ligg ca. på kote +17,4 (vist med oransje transparent farge i figuren under), medan avkøyrsla i sørvest ligg ca. på kote + 20,6. Eksisterande industrihall har til samanlikning ei mønehøgd på ca. kote + 26,8 (vist med lilla linje i profilet i Figur 3-7).



Figur 3-7: Syner profillinje i orange farge på tvers av planområdet. Den transparente flata med stipling viser ca. området som frå før/er ynskt planert ut som del av industriområdet som inngår i planen. Kjelde: ArcGIS Norconsult Norge AS.




Figur 3-8: Syner eksisterande industrihall markert i lys blå farge. Til venstre ser ein kor bratt terrenget i vest fell ned mot fjorden. Kjelde: ArcGIS Norconsult Norge AS.

3.6 Friluftsliv

Det følgjer av Naturbasen til Miljødirektoratet ikkje opplysningar om kartlagte friluftslivsområde med verdi som del av planområdet. Området mellom regulert avkøyrsle i reguleringsplan *Fv. 614 Breivika – Svelgen* og den vestlege delen av føreslege utbyggingsområde er i Naturbasen til Miljødirektoratet kartlagt som potensielt tilgjengeleg strandsone, registrert i 2019. Området ligg òg innafor strandsonebeltet (100-metersbeltet langs sjø). Det er ikkje kjent at det er særskilde friluftskvalitetar i tilknyting til strandsona i området.

I 2020 blei ei rekkje område i Bremanger kommune kartlagde og registrerte i databasen over friluftslivsområde. Det er ikkje registrert friluftslivsområde i området som er ynskt teke i bruk til utbyggingsformål som del av planframlegget. Planområdet ligg inneklemt mellom fv. 614 og fjorden. I tillegg er delar av området bratt og lite tilgjengeleg.

Nær planområdet er det registrert fleire friluftslivsområde, t.d. turområdet Gulebrystet-Rikeloftet (FK00041668), marka Svelgen, Rise (FK00041564) og leike- og rekreasjonsområdet Skuleberget (FK00041573).



Figur 3-9: Syner friluftslivsområda Gulebrystet-Rikeloftet (FK00041668) og marka Svelgen, Rise (FK00041564). Kartet er henta frå Fylkesatlas.no.

I tillegg er det vegar i nærområdet som er eigna for synshemma og rullestolbrukarar.

Det er rimeleg å legge til grunn at eventuelle brukarar av området primært ynskjer tilkomst til fjorden. Sannsynet for at desse vil velje å ta i bruk vegen som er etablert ned til overføringsleidningen nordvest for planområdet, er vurdert som høgt. Det er difor vurdert som lite sannsynleg at tiltaka som planen legg til rette for vil vere til hinder for ferdselen og tilgjenga til strandsona i området.

3.7 Kulturminne og kulturmiljø

I nasjonale databasar med stadfesta informasjon ligg det ikkje føre informasjon om kulturminne eller kulturmiljø innanfor eller i nærleiken av planområdet.

Det er ikkje gjennom varsel om oppstart avdekka behov for registrering innanfor området.


3.8 Naturressursar

Skog- og landbruksressursane i området er vurdert til å vere avgrensa. Området er frå før prega av bygge- og anleggsverksemd som følgje av etableringa av gang- og sykkelvegen langs fv. 614.

3.9 Natur- og artsmangfald

Det er ikkje registrert naturverdiar innanfor planområdet.


I fjorden er det eit regionalt viktig gytefelt for torsk, Gulenfjord. Området blei registrert i 2015 og er verifisert gjennom kartlegging. Områda med grønt omriss viser ein viktig tareskogførekomst (Svelgen, BM00122011) registrert i 2014, samt eit ålegrassamfunn (BM00105287) med svært viktig verdi- registrert i 2013 nærmast småbåthamna i vest.



Figur 3-10: Viser registrerte naturverdiar ved planområdet. Brun skravur i fjorden er gytefelt for torsk, medan dei to grøne områda er marine naturtypar (tareskog og ålegras). Kjelde: Miljødirektoratet sin Naturbase.

Av artsdatabanken sitt artskart følgjer det opplysningar om to observasjonar av den sterkt trua (CR) karplanten *Ask*, gjort i 2018. Same dato blei to karplantar vurdert som livskraftige (LC) observert i området, *Selje* og *Rognasal*.

Det blei òg gjort observasjon av tre førekomstar av framandarten *Platanlønn* som har svært høg risiko (SE), samt ein observasjon av *Sibirhagtorn* som har høg risiko (HI).



Figur 3-11: Viser observasjonar gjort av trua og framande artar i og ved planområdet med små farga prikkar. Alle observasjonane i området blei gjort i 2018. Dvs. at det er gjort tiltak i området etter observasjonane blei registrert. Kjelde: Artsdatabanken sitt artskart.

3.10 Trafikk

Delar av fv. 614 *Gunnar Schjelderups veg* inngår i planen og blei i 2024 estimert til å ha ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 2100 køyrertøy. Tungtrafikk er vurdert til å utgjere 8% av samla trafikk (3).

Tilkomsten til Klausen Industrier er på austsida av bygget, via Fv. 614 og den kommunale vegen *Gunnar Schjelderups veg* (kv.1300). Eksisterande tilkomst er vurdert til å fungere godt slik den er i dag.

Fylkesveg 614 er relativt nyleg oppgradert med langsgåande gang- og sykkelveg og fortau lengst vest i planområdet. Gang- og sykkelvegen er opparbeidd med ei breidde på 3,5 meter medan fortauet har ei breidd på 2,5 meter.

Lengst vest i planområdet inngår avkøyrsla frå fv. 614 x *Strandvegen*. Frå denne avkøyrsla er det nyleg etablert ein tilkomstveg ned til ein overføringsleidning ved fjorden. Tilkomstvegen er opparbeidd i samsvar med gitt løyve og fekk i januar 2026 ferdigattest.

3.11 Born sine interesser

Det er ikkje gjort kjent at planområdet vert nytta av barn og unge.

Born sine interesser i planområdet er primært vurdert til å knyte seg til fylkesvegen og strandsona.

3.12 Støy

Fylkesveg 614 og langsgåande gang-/sykkelveg ligg innanfor raud støysone grunna vegtrafikk på fv. 614. Sona er synt i Figur 3-12.

Den gule støysona har noko større utbreiing enn den raude og går ca. 30-35 meter ut frå senterlinja på fylkesvegen. Det vil seie at den gule støysona delvis overlappar den sørlege delen av eksisterande bygg i området.

Bruken av eksisterande og/eller planlagt nybygg fell ikkje inn under definisjonen av bygg som særskilt må takast omsyn til grunna støy.



Figur 3-12: Viser utbreiinga av vegtrafikkstøy i planområdet etter T-1442. Planområdet er synt med svart stipla linje. Kjelde: GISLink.no.

3.13 Risiko og sårbarheit – eksisterande situasjon

Som del av planarbeidet er det utarbeidd ei risiko- og sårbarheitsanalyse. Kravet om ROS-analyse gjeld ved all planlegging og følgjer av plan- og bygningslova § 4-3.

Etter den innleiande fareidentifikasjonen og sårbarheitsvurderinga stod følgjande farar fram som relevante;

- Skredfare bratt terreng
- Ustabil grunn
- Havnivåstigning, stormflo og bølgjepåverknad
- Ekstremnedbør (overvatn)
- Brann/eksplosjon og kjemikalieutslepp
- Transport av farleg gods
- Dambrot
- Sløkkevatn for brannvesenet
- Tilsikta hendingar

Av desse farene stod planområdet fram som moderat sårbart for transport av farleg gods og det blei utført ei risikoanalyse.

3.13.1 Flaum

Etter varsel om oppstart er planområdet trekt noko tilbake frå strandsona langs fjorden, Nordgulen. Planområdet ligg difor i hovudsak mellom kote +5 og kote +23 moh.

I Bremanger er 240 cm over NN2000 anbefalt høgde for planlegging i forhold til tryggingsklassen for stormflo F2, (200-års stormflo) i år 2100.

Planen legg ikkje til rette for tiltak som vil vere utsatt for stormflo under kote +5 moh. Det er difor ikkje vurdert som naudsynt å innarbeide omsynssoner i høve flaum og/eller føresegner som skal sikre at tiltak som vert etablert som del av planområdet ikkje skal bli utsett for havnivåstigning og stormflo.



Figur 3-13: Viser aktsemdsoner for flaum ved planområdet synt med svart stipla linje. Kjelde: GISLink.no/NVE.

Nærmaste aktsemdsone ligg sør for fv. 614 *Gunnar Schjelderups veg*. Tiltaka som planen legg til rette for påverkar ikkje sona, eller overflateavrenninga mot dette området.

Det er ikkje vurdert som naudsynt å vurdere omsynet til flaum vidare som del av planen.

3.13.2 Grunnforureining

Det er frå før ikkje registrert ureining i grunnen i/ved planområdet (4).



Figur 3-14: Viser områder der det er registrert ureining i grunn. Planområdet si plassering er synt med svart stipla sirkel. Kjelde: Naturbase (Miljødirektoratet).

3.13.3 Områdestabilitet

I følgje NVE-atlas ligg heile planområdet under marin grense. Det inneber at omsynet til kvikkleire må avklarast.

Norconsult har som del av det innleiande planarbeidet gjort ei vurdering av områdestabiliteten etter NVE-rettleiar 1/2019 *Sikkerhet mot kvikkleireskred* (5).

Vurderinga konkluderer med at det ikkje er fare for områdeskred i planområdet (3).

Det er som del av vurderinga synt til at det er berg i dagen i tiltaksområdet, både ovan- og nedanfor. Det er difor vurdert at det ikkje er marin leire i planområdet. Planområdet kan difor ikkje vere eit losneområde for områdeskred. Berg i dagen ovanfor planområdet og marin grense like ovanfor planområdet, tilseier at planområdet heller ikkje kan vere del av utløpsområde for skred. Det er dermed ikkje fare for områdeskred i planområdet. Utgreiinga av områdestabilitet etter NVE-rettleiar 1/2019 vart avslutta etter steg 3.

For nærmare omtale sjå notat *Klausen industrier – vurdering av områdestabilitet* (3).

Temaet er med bakgrunn i denne vurderinga klarert med omsyn til kvikkleire, og områdeskred er ikkje eit tema som det er trong for å vurdere vidare i planarbeidet.

3.13.4 Skred

I 2017 utarbeidde Sweco på oppdrag frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) ei skredfarevurdering av 14 utvalde område i Bremanger kommune (6).

Kartlegginga blei gjort med mål om å etablere faresoner for nominelt årleg sannsyn for skred med skadelege skredhendingar på større enn 1/100, 1/1000 og 1/5000 og gjeld skredtypane snø-, sørpe-, stein-, jord- og flaumskred. Ved planområdet er steinsprang dimensjonerande skredtype. Det er eit lite areal i grensa til planområdet, rett nord for eksisterande bygg, som er del av kartlagt skredfaresone med sannsyn 1/100. Sjå Figur 3-15.



Figur 3-15: Viser faresoner for skred i og ved planområdet. Gul, lys raud og mørk raud sone viser faresoner for skred med sannsyn 1/100, 1/1000 og 1/5000. Planområdet synt med svart stipla linje. Kjelde: GISLink.no med data frå NVE.

Elles er det ikkje skredfare i området.

Det er som del av planframlegget ikkje lagt til grunn at det skal gjerast tiltak i området med fare for skred. Ein liten del av planområdet avsett til landbruk, natur og friluftsliv (L) er teke med for å sikre tilstrekkeleg areal til etablering/vedlikehald av mur. Denne delen av planområdet overlappar litt med den eine skredfaresona som blei kartlagt i 2017 og utgjer ca. 2,5 m^2. Faresona er del av areal avsett til LNF og ligg som del av det midlertidige bygge- og anleggsområdet.

Det er som del av tiltaka som planen legg til rette for ikkje føresett at det skal gjerast tiltak i området som ligg innanfor faresona for skred (steinsprang).

4 Skildring av planframlegget

4.1 Formålet med planen


Formålet med planen er å legge til rette for at Klausen Industrier kan utvide verksemda og aktiviteten sin ved eksisterande verksemd i Svelgen. Planen og tiltaka planen skal legge til rette for må difor sjåast i samanheng med eksisterande verksemd og aktiviteten som allereie er i området.

Verksemda treng både ein ny hall og nye areal til utvendig lager. I tillegg er det lagt til rette for ein tilkomst til området frå sør. Utforming og plassering av tilkomsten følgjer av denne planen.

Elles krev drifta interne vegar i området for å frakte materiell inn og ut av hallane, og dei tilsette treng plass til parkering inne i området. Det er lagt til grunn at det skal etablerast minst ein parkeringsplass for bil per 100 m^2 bruttoareal innanfor formålet sett av til industri (IND) til dei tilsette.



Figur 4-1: Illustrasjon av byggetomta slik den er i dag. Dagens situasjon. Kjelde: ArcGIS Norconsult.



Figur 4-2: Illustrasjon av byggetomta med ny hall plassert parallelt med eksisterande hall. Kjelde: ArcGIS Norconsult.

Det er som del av planen ikkje sett krav om kvar interne vegar og utvendig lager skal plasserast med omsyn til ny og eksisterande hall. Det er imidlertid sett krav om at naudsynte funksjonar skal plasserast og utformast slik at området over tid står fram som ryddig, oversiktleg og sikkert for tilsette som del av føresegnene til planen. Vidare er det krav om at det ved søknad om tiltak skal ligge føre ein situasjonsplan som viser kryss mot fv. 614, terrengbehandling, gjerde/murar over 1,5 meter og tiltak som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Innanfor desse rammene sikrar planen verksemda naudsynt fleksibilitet til å finne dei beste løysingane. Intern tilkomst til ulike delar av hallane og behov for utvending og innvendig lager må til ei kvar til sjåast i samanheng med drifta til verksemda og vil kunne variere over tid. Det er difor viktig at byggetomta har ei viss grad av fleksibilitet, samtidig som viktige omsyn som tryggleik og beredskap er ivareteke.

4.2 Planlagt arealbruk

Planområdet er foreslått regulert til følgjande formål;


Tabell 4-1: Oversikt over framlegg til arealformål som del av planen.

Arealformål	Dekar (daa)
§12-5 Nr. 1 – Bygningar og anlegg	
1340 – Industri	6,6
§12-5 Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
2011 – Køyreveg	3,1
2012 – Fortau	0,2
2015 – Gang-/sykkelveg	1,3
2019 – Annan veggrunn – grøntareal	2,5
§12-5 Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift	
5100 – LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden	0,9
Sum alle kategoriar	14,5

4.3 Plankart

Planområdet er i hovudsak regulert til arealformåla industri og samferdsel med tilhøyrande infrastruktur. Mot fjorden i vest er området sett av til landbruks-, natur- og friluftsføremål (L).

Som del av området sett av til landbruks-, natur- og friluftsføremål er det lagt inn midlertidig bygge- og anleggsområde som skal sikre tilgang til arealet ved opparbeidinga av byggetomta, samt ved etablering av naudsynt mur mot fjorden.



Figur 4-3: Utarbeidd reguleringsplankart for området.

Det er som del av planen lagt inn omsynssoner for vegtrafikkstøy i samsvar med den konservative/overordna støykartlegginga til Statens vegvesen. Raud raud og gul støysone er i samsvar med grenseverdiane i tabell 1 i retningslinje T-1442/2021, 4 meter over terreng.


I tillegg er det eit lite område i vest (mot fjorden) som er del av faresone H310 – ras- og skredfare. Det er ikkje planlagt tiltak som del av faresona.

4.4 Bygningskonsept og volum

Klausen Industrier sitt konkrete behov er per i dag å etablere ein ny industrihall i tilknyting til eksisterande hall. Endeleg plassering og/eller utforming av hallen er ikkje endeleg avgjort, men to alternativ er som del av planarbeidet vurdert som aktuelle.

Dimensjonen på hallen i form av fotavtrykk og høgde er vurdert til å vere relativt likt eksisterande hall. Det inneber at den nye hallen vil kunne ha ei grunnflate på ca. 750 m^3, der lengde og breidde er lik 33 x 18 meter. I planen er det lagt til grunn at den nye hallen maks kan vere 9,5 meter høg. Høgda på eksisterande hall er ca. 8,8 meter.

For å sikre fleksibilitet i framtida er ikkje orienteringa på den nye hallen låst som del av planen, men byggegrensa mot fylkesvegen er fastsett. Sjå nærmare omtale av dei to forslaga til alternativ plassering av hallen på neste side.




Figur 4-4: Utarbeidd skisse som viser korleis den nye hallen (i lys grøn) foreløpig er tenkt plassert innanfor planområdet.

Alternativ 1 legg til rette for at det vert etablert ein hall parallelt med eksisterande bygg. Dersom hallen skal vere 33 meter lang og 18 meter brei, må den nye hallen forskyvast noko nærmare fv. 614 enn eksisterande hall. Den nye hallen vil då bli liggande «framskoten» mot fv. 614. Slik plassering vil vere gunstig mht. ev. tilkomst frå aust.


Alternativ 2 legg til grunn at den nye hallen vert liggande parallelt med fv. 641. Ny og eksisterande hall vil då utgjere ei «L»-form. Orienteringa av hallen denne vegen må vurderast nærmare – og er førebels ikkje vurdert som mest gunstig i tilknyting til eksisterande hall.

Eitt alternativ kan vere at hallen vert plassert parallelt med fylkesvegen. Vidare er alternativet som er skissert under omtala som alternativ 1, og ein variant der hallen er rotert 90 grader vert omtala som alternativ 2.

Det følgjer vidare illustrasjonar som viser begge alternativa.



Figur 4-5: Illustrasjonane over viser korleis den nye hallen kan bli liggande saman med eksisterande hall. Alternativ 1 er vist til venstre og alternativ 2 er vist til høgre. Kjelde: ArcGIS Norconsult.




Figur 4-6: Illustrasjonane over viser korleis den nye hallen kan bli liggande saman med eksisterande hall. Alternativ 1 er vist til venstre og alternativ 2 er vist til høgre. Kjelde: ArcGIS Norconsult.

I illustrasjonane over er det lagt til grunn at begge hallane vil ha ei høgd på 8,8 meter. I planen er det lagt til grunn maks møne- og gesimshøgd på 9,5 meter. Det vil sei at den nye hallen kan bli 70 cm høgare enn eksisterande hall.

4.5 Vegar og vegtilkomst

Som del av planframlegget følgjer det løysing med tilkomst til industriområdet òg frå vest. Løysinga følgjer av vedteken plan for fv. 614 – der området er regulert med tilkomst frå vest via pil i tilknyting til etablert avkøyrsle mot Breivika. Krysset er gitt ei utforming som er tilpassa framkome for lastebil, og sikt er sikra ved bruk av siktlinjer.

Planlagt tilkomst i vest er primært ynskt nytta til tilkomst for dei tilsette, dvs. tilkomst for personbilar. Tilkomsten er sikra framkome for lastebil for å sikre at vegen kan nyttast i beredskapssamanheng og i høve brann.



Figur 4-7: Syner tilkomstvegane i området. Kjelde: Norconsult.

Delar av fylkesveg 614 er teke med som del av planen for å sikre sikt mot fylkesvegen. Både køyrevegen som er del av fylkesveg 614 og langsgåande gang- og sykkelveg er elles direkte vidareført frå gjeldande plan.

5 Verknadar av planframlegget

I kapittel 5 er verknadane av planframlegget nærmare omtala.

5.1 Bygge- og anleggsfasen

Det vert lagt opp til at sprenging og opparbeiding av byggetomta vil kunne skje over eit avgrensa tidsrom slik at ev. ulemper knytt til støy og forureining vert avgrensa.


Mengda massar som er føresett køyrt ut av området er vurdert til å vere avgrensa (< 5 000 m^3). Det er difor ikkje sett særskilte krav som avgrensar anleggstrafikken inn/ut av området, men det er føresett at anleggstrafikken skal ta omsyn til omgjevnadane og andre trafikantar i området.

Vidare er det som del av føresegnene til planen lagt inn krav om at bygge- og anleggsarbeid skal inrettast slik at retningslinjene for avgrensing av støy for nye tiltak vert overhalde.


5.2 Terrengtilpassing og overskostmassar

Planlagt tiltak inneber at delar av terrenget nord for fv. 614 vert planert ut/fjerna. Eit grovt overslag syner at massane som er ynskt teke ut utgjer eit samla volum på kring 3.300 m^3.

Utvidinga av verksemda til Klausen Industrier skal skje i tilknyting til eksisterande verksemd. Eksisterande industriområde ligg lågare i terrenget enn fylkesvegen og området der utvidinga er planlagt. For å kunne etablere eit nybygg i tilknyting til eksisterande hall er ein avhengig av å kunne plassere nybygget på same nivå som eksisterande. Dvs. ca. på kote + 17,4. Sjå snitt i Figur 5-1 og planlagt terrengbearbeiding i figur Figur 5-2.



Figur 5-1: Syner profillinje i orange farge på tvers av planområdet. Den transparente flata med stipling viser ca. området som frå før/er ynskt planert ut som del av industriområdet som inngår i planen. Kjelde: ArcGIS Norconsult Norge AS.



Figur 5-2: Syner ynskt opparbeiding av industriområdet, samt bygg alternativ 1 (bygg parallelt med eksisterande hall). Området er føresett lagt på same kote som eksisterande område med tilkomst frå sør lagt med svak helling frå fv. 614. Kjelde: ArcGIS Norconsult Norge AS.

Av Norsk Geologisk Undersøkelse (NGU) sitt lausmassekart følgjer det at det er bart fjell i området og hovudbergarten er oppgitt til å vere sandstein. Bilete frå området viser at områda nærmast fv. 614 har noko lausmassar. Arealet som er føresett masseutskifta og planert ut som del av arbeidet, er på om lag 1.500 m^2.

Det er ikkje vurdert som mogleg å legge opp til massebalanse innanfor planområdet. Av føresegnene følgjer det krav om dokumentasjon på avtale om etterbruk av ev. overskotsmassar frå området før løyve til igangsetting.

Føresegna er meint å sikre at ev. overskotsmassar skal kunne nyttast vidare/gjennvinnast i samsvar med ressurspyramiden for overskotsmasar av jord og stein.

Ved ev. vekkøyring av massane utgjer 3 300 m^3 fjell 330 lastebillass, gitt at lastebilen tek 10 m^3 per lass. Legg ein til grunn at ein kan køyre ut eit lass i halvtimen mellom kl. 08.00-18.00, vil ein kunne køyre ut overskotsmassar i løpet av ca. 14 dagar. I anleggssamanheng er det gjerne skyting, ev. pigging samt lasting og lossing av fjell som vert opplevd som støyande/sjenerande for omgjevnadane.

5.3 Støy og forureining

Det er som del av planarbeidet ikkje påvist at eksisterande verksemd eller planlagt utviding vil kunne få negative verknadar for naboar med omsyn til støy. Det er god avstand til kringliggande bustadar og etablering av ein ny hall vil kunne bidra til auka skjerming av eksisterande aktivitet – særleg mot sør.

Planlagt tiltak ligg ikkje i umiddelbar nærleik til bustadar og/eller legg til rette for funksjonar/tiltak som føreset etablering av uteopphaldsareal som del av planen.

For bygge- og anleggsarbeid følgjer det krav om at retningslinjene i T-1442/2021 kap. 6 skal overhaldast.

5.4 Infrastruktur og VA


Tiltaket vil gje behov for tomtearbeid, etablering av ny tilkomstveg og legging av nye leidningar. Det følgjer av planframlegget ein VAO-rammeplan som seier noko om eksisterande situasjon for vatn, avlaup og overvatn, vedlegg [4].

Planen legg rammer for at leidningar, tekniske anlegg, forstøtningsmurar og gjerde mm. kan etablerasst innanfor området. Behovet for nye leidningar er nærmare omtala/beskrive i utarbeidd VAO-rammeplan.

Vidare omtalar rammeplanen korleis desse omsyna kan handterast i ein framtidig situasjon når tiltaka som planen legg til rette for er etablert. For nærmare omtale av føringane som er lagt til grunn med omsyn til vatn, avlaup og overvatn vert det synt til vedlagt rammeplan.

5.5 Trafikk

Det er som del av planarbeidet arbeidd med løysing som sikrar planområdet ny tilkomst frå fv. 614 i sør.



Figur 5-3: Illustrasjon som syner planlagt tilkomst til Klausen Industrier i sør med turkis stipla linje. Dei andre vegane og tilkomstane er vist med tekst og pil. Kjelde: ArcGIS Norconsult.

Løysinga er i liten grad vurdert til å påverke sjølve krysset/avkøyrsla som del av fylkesvegen, men knyter seg til den kommunale vegen Strandvegen kv.2350 og inneber av avkøyrsla må breiddeutvidast litt. Sjå vedlagt utarbeidd C-teiking i vedlegg [8].

Som del av planframlegget er det gjort vurderingar med omsyn til mjuke trafikantar vestover langs fv. 614 og på Strandvegen, kv.2350. Potensialet for gåande og syklande via Strandvegen, samt nyskapt trafikk som følgje av planlagt tilkomst er vurdert som svært avgrensa. I tillegg gjer skilnaden i høgde mellom fv. 614 og Strandvegen det krevjande å etablere eit separat samband for mjuke trafikantar langs den kommunale vegen. Slik løysing er difor ikkje vurdert som nødvendig og/eller innarbeidd som del av planframlegget. Sjå òg omtale i vedlegg [3].

I plankartet er frisiktlinjer til fv. 614 og langsgåande gang- og sykkelveg/fortau innteikna.

Trafikken som i dag nyttar eksisterande tilkomst i nord, er føresett vidareført slik den er i dag. Tilkomsten er direkte vidareført frå gjeldande plan. Ei ev. auke i trafikken i tilkomsten i nord vil vere knytt til utvidinga av aktiviteten i området grunna planlagt utviding av verksemda og er vurdert til å vere avgrensa.

Tilkomsten i sør er primært ønskt nytta som tilkomst for personbilar. Vegen er dimensjonert for lastebil for å sikre at utrykkingskøyretøy vil kunne nytte vegen i fall ulykke/brann. Det er ikkje lagt opp til at trafikk til og frå tomta til Klausen Industrier vil ha gjennomkøyring frå tilkomsten i nord, til tilkomsten i sør.

I uttala til Fylkeskommunen er det vist til at det ikkje er tilbod for mjuke trafikantar langs den kommunale vegen, kv.1300 *Gunnar Schjelderups veg* og at ein må vurdere tilbod for mjuke trafikantar anten langs den kommunale vegen, eller ein alternativ trasé utanfor plangrensa. F.eks på gbnr. 38/409.

Med planlagt auke i tal tilsette med omlag 5 frå dagens 11, er det ikkje vurdert som naudsynt å etablere eige samband for mjuke trafikantar langs kv.1300 *Gunnar Schjelderups veg* grunna tiltaka som planen legg rammer for. Planen vil ikkje vere til hinder for at det kan etablerast samband for mjuke trafikantar som del av gbnr. 38/409 dersom grunneigar og/eller Bremanger kommune ynskjer det.

Av referatet frå oppstartsmøtet med Bremanger kommune følgjer det at tilkomsten til planområdet bør samordnast med tilkomstvegen som går ned til overføringsleidningen ved fjorden. Dette har synt seg krevjande då denne tilkomsten er svært bratt. Ei ev. omlegging av denne ville gjeve utfordringar for begge partar.

Det er avklart at planlagt tilkomst ikkje vil vere til hinder for eksisterande tilkomstvegen ned til overføringsleidningen og fjorden. Referat frå dialogmøtet med tiltakshavar av eksisterande veg følgjer av eige vedlegg til planen 2. Det er òg avklara at tilkomstvegen ned til fjorden kan nyttast i samband med opparbeidinga av ny tilkomstveg og tomta til Klausen Industrier, gitt at det ikkje vert gjort skade på vegen.

5.6 Kollektivtrafikk

Det er to busshaldeplassar i nærleiken av planområdet, ein i Breivika og ein i Svelgen.

Som del av arbeidet med fv. 614 Breivika – Svelgen, blei det vurdert behov for busshaldeplass ved Rise. I planomtala til *reguleringsplan for fv. 614 Breivika – Svelgen*, plan-id.: 1438-201801 har Statens vegvesen (SVV) vist til kollektivhandboka V123, der det i byområde vert anbefalt ein avstand på 500-800 meter mellom haldeplassar. Utanfor tettbygde strøk vil normalt avstanden vere lengre. Avstanden til eksisterande busstopp og tal brukarar i området gjorde til at SVV ikkje såg nærare på ynskje om busstopp. SVV har òg vist til at gang- og sykkelvegen langs fv. 614 vil gjere det tryggare å komme til næraste busshaldeplass.

Frå planområdet er det ca. 300 meter til busshaldeplassen i Breivika og ca. 700 meter til haldeplassen i Svelgen.

Tiltaka som planen legg til rette for er vurdert til å kunne gje ei auke i tal tilsette ved Klausen Industier på 5 personar. Auken i tal tilsette er ikkje vurdert å vere av eit slikt omfang at vurderingane som SVV gjor som del av planen for fv. 614 ikkje står seg. Avstandane til busshaldeplassen i Breivika og i Svelgen bør vere akseptabel for ev. arbeidstakarar ved Klausen Industrier som ynskjer å nytte kollektiv transport.



Figur 5-4: Viser planområdet med svart stipla linje og busshaldeplassar med raude prikkar. Kjelde: GISLink.no.

5.7 Landskap og estetikk

Planområdet ligg på sørsida av fjorden Nordgulen, ved innkøyringa til Svelgen via fylkesveg 614 frå sør. Området er ein del av landskapstypen *Ytre fjordbygder på vestlandet*.

Eksisterande industrihall er frå før eit godt synleg element i landskapet, og er synleg både frå fjorden og frå fv. 614. Området er frå før prega av industriell verksemd og har fleire store bygg.


Det er avgrensa med grøntstruktur i området, m.a. grunna vêr, grunntilhøve og relativt nyleg etablering av gang- og sykkelveg langs fv. 614 med tilhøyrande sideareal.

Utvidinga av industriområdet inneberer etablering av ein ny industrihall. Hallen er føresett etablert med ei høgde på inntil 9,5 meter, og skal etablerast i tilknyting til eksisterande hall med tilnærma lik høgde og volum.


Frå ei kort strekning av gang- og sykkelvegen langs fv. 614 vil planlagt bygg bidra til redusert utsikt mot fjorden. Verknaden er vurdert til å vere svært lokal, då bygget ikkje vil ta utsyn frå andre bygg i området.

Tiltaket vil kunne bidra til at det industrielle preget vert noko forsterka i området.


For å dempe verknaden av ekisterande og nytt planlagt bygg kan det etablerast vegetasjon i området mellom byggetomta og fv. 614. Det er som del av planframlegget ikkje lagt inn krav om etablering av vegetasjon, men tiltaket er vurdert å kunne ha ein positiv effekt for gåande og syklande langs fv. 614.




Figur 5-5: Illustrasjon av eksisterande situasjon. Hallen til Klausen Industrier ligg i midten. Kjelde: ArcGIS Norconsult.




Figur 5-6: Illustrasjon av endringar i terreng og ny industrihall plassert parallelt med Fv. 614. Kjelde: ArcGIS Norconsult.




Figur 5-7: Illustrasjon av endringar i terreng og ny industrihall parallelt med eksisterande hall. Kjelde: ArcGIS Norconsult.



Figur 5-8: Illustrasjon av eksisterande situasjon. Hallen til Klausen Industrier er bygningsvolumet til venstre. Kjelde: ArcGIS Norconsult.



Figur 5-9: Illustrasjon av ny industrihall plassert parallelt med Fv. 614. Kjelde: ArcGIS Norconsult.




Figur 5-10: Illustrasjon av endringar i terreng og ny industrihall parallelt med eksisterande hall. Kjelde: Norconsult.

5.8 Stadkarakter

Planlagt bygg er vurdert til å kunne påverke området sin karakter. Utvidinga av verksemda til Klausen Industrier vil innebere etablering av ein ny industrihall i tilknyting til eksisterande hall.

Alternativ 1 legg til rette for at det vert etablert ein hall parallelt med eksisterande bygg.
Alternativ 2 legg til grunn at den nye hallen vert liggande parallelt med fv. 641.

Uavhengig av valt alternativ (1 eller 2), vil planlagt bygg etablerast i tilknyting til eksisterande bygg. Vidare vil hallen innordne seg den bygningstypologien som frå før av er i området. Samla areal avsett til og teke i bruk til industriføremål vil auke som følgje av tiltaket.



Figur 5-11: Illustrasjonar av eksisterande situasjon, alt. 1 og alt. 2. Vegetasjon inngår ikkje. Kjelde: ArcGIS Norconsult.

5.9 Strandsone, sjø og vassdrag

Som tilgjengeleg utbyggingsareal elles i kommunen, ligg store delar av planområdet i 100-metersbeltet/strandsona. Gjennom arbeidet med kommuneplanen er omsynet til funksjonell strandsone, naturmangfald og landskap vektlagt. Vidare opnar planen for fortetting i tilknyting til eksisterande bygningsmiljø. Planen opnar ikkje for tiltak som er vurdert til å påvirke negativt viktige frilufts- og/eller rekreasjonsområde. Planområdet er til dels bratt og lite framkommeleg for allmenta. Eit mindre område nærmast fjorden er òg utsett for steinsprang.

Bruken av delar av området til industriføremål er allereie avklara gjennom kommuneplanen. Dei delane av området som frå før ikkje er avklara gjennom overordna plan, ligg tett på Fv. 614 og er i kommuneplanen avsett til LNF (L). Det er ikkje lagt til grunn at det er desse areala som har størst kvalitet med omsyn til strandsona innanfor planområdet.

5.10 Naturressursar

Areal avsett til LNF (L) i gjeldande planar er føresett omdisponert til industri og køyreveg i planframlegget. Planlagt utviding av industriformålet og ny tilkomst til området vil føre til noko skog vert fjerna og bygt ned. Flyfoto frå området syner at delar av området allereie er påverka av menneskeleg bygge- og anleggsaktivitet.

5.11 Vurdering etter naturmangfaldlova § 8-12

Naturmangfaldslova femnar om all natur og alle sektorar som forvaltar natur eller som fattar vedtak som kan ha konsekvensar for natur. Gjennom lova er det, bl.a. innført forvaltningsmål for naturtypar og artar, krav til kunnskapsgrunnlag og rettslege prinsipp for natur (føre-var, samla belasting m.m.).

Formålsparagraf (§ 1) i lova har følgjande ordlyd:

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

Av § 8, første leidd i naturmangfaldslova går det fram at vedtak som rører naturmangfaldet skal bygge på vitskapeleg kunnskap om artar sin bestandsituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand samt effekten av påverknad.

Av § 9, føre-var-prinsippet, går det fram at dersom det ikkje føreligg tilstrekkeleg kunnskap om kva verknadar planen kan ha for naturmiljøet skal det takast sikte på å unngå mogeleg vesentleg skade på naturmangfaldet. Dersom det ligg føre ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap verte nytta som grunngjeving for å utsette eller unnlate å treffe eit forvaltningstiltak.

Det er tidlegare gjort både registreringar og lagt føringar som del av gjennomføringa av tiltak i området med mål om hindre spreiing/press av framande artar.

For å unngå/avgrense potensielle skadar på naturmangfaldet, er det i planframlegget sett krav om avbøtande tiltak i anleggs- og driftsperioden med mål om å unngå spreiing og etablering av framande artar i området.

5.12 Klimagassutslepp

Det er gjort enkle utrekningar av tiltaket sin venta klimagasspåverknad med utgangspunkt i det som er vurdert å vere dei sentrale utsleppsdrivarane, høvesvis:

- Arealbruksendringar
- Massehandtering
- Etablering av bygg, inkludert drift og vedlikehald

NIBIO og Miljødirektoratet sin klimagasskalkulator er nytta for utrekning av klimagassutslepp frå arealbruksendringar. Kalkulatoren er kartbasert, og reknar ut utslepps- og opptakseffekt frå noverande og planlagt arealbruk innanfor planområdet. Det er lagt til grunn at 3,9 dekar med skog vil bli bebygd som følgje av tiltaket. Området elles (10 dekar) forblir bebygd. Verktøyet har ein analyseperiode på 75 år.

Statens vegvesen sitt verktøy VegLCA er nytta for utrekning av klimagassutslepp frå massehandering. Det er lagt til grunn at 3 300pfm^3 skal sprengast, håndterast og transporterast ut av området, og at 1 500 lm^3 skal transporterast inn. Det er nytta standard transportavstand på 20 km. Analyseperioden har ingen innverknad på utslepp frå massehandtering.

DFØ sitt referanseverktøy for byggeprosjekt er nytta for utrekning av klimagassutslepp frå etablering av bygg. Det er lagt til grunn bygningskategori industri, BYA 750 m^2 og gjennomsnitteleg høgde på 9,5 meter. Verktøyet har ein analyseperiode på 50 år.

Basert på nemnde føresetnadar er tiltaket estimert til å generere 670 tonn CO_2e, som fordeler seg slik:

Tabell 5-1 Estimerte klimagassutslepp i tonn CO_2e og %, samla og fordelt på aktivitet. Merk at tala er runda av til nærmast tiar.

Aktivitet	Utslepp (tonn CO_2e)	%-vis andel
Arealbruksendring	270	40
Massehandtering	50	8
Etablering av bygg	350	52
Samla	670 tonn	100%

Etablering av bygg er den sentrale utsleppsdrivaren, som gjer materialval til det mest effektive tiltaket for å redusere klimagassutslepp som følgje av tiltaket. Vidare utgjer arealbruksendringar ein betydeleg andel, som følgje av at noko skog vil bli omgjort til bebygd areal. Bevaring av skogen innanfor planområdet vil vere eit grep som reduserer klimagassutslepp frå tiltaket. Massehandtering utgjer ein mindre del av utsleppa.

Klimagassberekningane er utført i tidleg fase og basert på standard utsleppsfaktorar i overordna verktøy, med usikkerheit deretter. Normalt vil estimert klimagassutslepp auke i seinare fasar med meir detaljert informasjon. Tiltak med venta klimagassutslepp under 2 000 tonn CO_2e er gitt «ubetydeleg konsekvens» i.h.t. Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. Tiltaket er vurdert å ha god margin til denne terskelen.

5.13 Energi

Som kort omtala i kap. 3.4 er eksisterande hall tilkytt system for fjernvarme gjennom bruk av overskotsvarme frå Elkem Bremanger. Vatnet vert brukt til oppvarming av både luft og radiatorar i sveisehallen.

Det er lagt til grunn at den nye hallen vil kunne ta i bruk fjernvarme/ha tilsvarande system for oppvarming.

5.14 Kulturlandskap og kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne i form av bygningar eller kulturmiljø som del av planområdet.

Planarbeidet grip ikkje inn i nokon av minna som er registrert i eller i nærleiken til planområdet.

5.15 Barn og unge

Det er gjennom arbeidet med planen ikkje gjort kjent at området særskilt vert nytta av born og unge – verken frå bebuarar i området eller frå kommunen.

Områda nærast fjorden er føreslått teke ut av planen.

5.16 Risiko og sårbarheit

Etter den innleiande fareidentifikasjonen og sårbarheitsvurderinga stod følgjande farar fram som relevante;

- Skredfare bratt terreng
- Ustabil grunn
- Havnivåstigning, stormflo og bølgjepåverknad
- Ekstremnedbør (overvatn)
- Brann/eksplosjon og kjemikalieutslepp
- Transport av farleg gods
- Dambrot
- Sløkkevatn for brannvesenet

- Tilsikta hendingar

Av desse farene stod planområdet fram som moderat sårbart for transport av farleg gods og det blei utført ei risikoanalyse. Analysa av transport av farleg gods viste akseptabel risiko, men i gul sone der tiltak må bli vurdert. Det er bastert på ei kost-/nyttevurdering ikkje funne grunnlag for tiltak, utover den beredskap som naudetatane har.

For fullstendig gjennomgang sjå vedlegg [5].

5.17 Skredfare

Ein liten del av planområdet overlappar med faresone for skred. Denne delen av planområdet er teke med for å sikre areal til opparbeiding/vedlikehald av muren som grensar til arealet avsett til industri, (IND).

Det skal ikkje etablerast tiltak innanfor området som er del av faresona for skred (steinsprang) med sannsyn >1/100. Faresona inngår i skredfarevurderinga uarbeidd av Sweco på oppdrag frå Norges vassdrags- og energidirektorat i 2017 (6). Nærmare omtale av vurderinga følgjer av kap. 3.13.4.

5.18 Eigedomsstruktur

Tiltaka som planen legg til rette for vil i all hovudsak skje innanfor eigedom gbnr. 38/356 og som del av 38/413.

Arealet som er ynskt bygt ut til ny hall som del av gbnr. 38/413 føreset at det vert inngått avtale om kjøp av delar av eigedomen og at det vert gjort oppmåling av nye eigedomsgrenser (samanslåing).

Tiltak nærmare fv. 614 enn dagens situasjon føreset at grensesnittet mellom fylkesvegen og gbnr. 38/301 vert nærmare avklara mot fylkeskommunen. Ev. tiltak føreset at det vert gjort ei justering av eigedomsgrensene langs fylkesvegen.

5.19 Økonomiske konsekvensar

Planframlegget omfattar m.a. etablering av ny arm i kryss mot fv. 614. Det er lagt til grunn at Klausen Industrier dekkjer alle kostnadar knytt til etablering av ny tilkomst og bygg i området.

Planframlegget hindrar ikkje at det vert inngått utbyggingsavtalar mellom Klausen Industrier AS og Bremanger kommune vedr. bygging og drift av (felles) offentleg infrastruktur (t.d. forsyningsanlegg i høve vatn for sløkking av brann).

6 Planar og føringar for planarbeidet

I tillegg til føringane som kommunen har gitt for planarbeidet, følgjer det føringar både på nasjonalt og regionalt nivå. Måten desse er fulgt opp som del av planframlegget er kort omtala i dette kapittelet.

6.1 Nasjonale forventningar og retningsliner

6.1.1 Statleg planretningslinje for klima- og energi

Plassering og krav til utforming av tiltaka i planframlegget er gjort med bakgrunn i dei funna som er gjort i ROS-analysen med tilhøyrande utgreiingar knytt til stormflo og handtering av overvatn (VAO-rammeplan).

Løysingane som er innarbeidde i planen skal vere robuste med omsyn til klimaendringar.

6.1.2 Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027

Planområdet har avrenning mot vassførekomsten Nordgulen som er klassifisert med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand (7). Under påvirkning på Vann-nett er punktutslepp frå industri vurdert til å i stor grad ha påverknadsgrad på vassførekomsten (8).

Under tiltak er ei rekke tiltak foreslått med mål om å betre tilstanden til vassførekomsten, m.a.;

- Betring av kunnskapsgrunnlaget
- Oppgradering eller utbetring av industrielle reinseanlegg
- Etablering av reinseanlegg
- Flytting av utsleppspunkt
- Redusksjon av diffuse utslepp
- Revisjon av løyver med strengare grenser og krav til måleprogram

Miljødirektoratet har vurdert det som lite truleg av miljømålet vil bli nådd i inneverande planperiode.

Det er føresett at tiltaka som planen legg til rette for skal etablere system for handsaming av avrenning og avlaup som tilfredsstiller krava til reinsing slik at resipienten ikkje vert tilført vatn som bidreg til ytterlegare forringing og/eller er til hinder for oppnåing av miljømåla som er fastsett for resipienten. Krav til dokumentasjon ved søknad om bruksløyve/ferdigattest er sikra gjennom føresegn pkt. 3.3 b).

7 Kort om vidare saksgang

Planframlegget er føresett oversendt Bremanger kommune på nyåret, 2026.

Etter vedtak om utlegging av planen på offentleg ettersyn høyring, vil ev. høyringsuttaler bli gjennomgått om behovet for endringar vurdert.

Dersom kommunen finn planframlegget tilfredsstillande utan behov for revisjon som følgje av høyringa, kan planen leggast fram for politisk vedtak.

8 Innkomne merknadar til varsel om oppstart

Varsel om oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Firdaposten i juni 2025. Varselbrev vart sendt til naboar og offentlege etatar med frist for uttale den 23. september 2025.

Innkomne uttaler til varsel om oppstart er summert opp i tabellen under. Våre kommentarar på vegne av forslagsstillar, Klausen Industrier følgjer av kolona til høgre.

Avsendar	Merknad	Kommentar
NVE	NVE har kome med innspel til varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Klausen Industrier, med føremål å etablere industrihall, administrasjonsbygg og parkeringsplass. Delar av uttala til NVE er generell. I den generelle delen vert det m.a. vist til; – NVE sitt sektormynde og motsegnkompetanse – kartbaserte rettleiarar og nettsider for arealplanlegging (oppmoding om bruk) – innmelding av naturfareutgreiingar i tråd med pbl. § 2-4 og gjeldande forskrift – leveranse av geotekniske undersøkingar til NGU via NADAG. Konkrete innspel: Kvikkleireskred: – Planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for kvikkleire (jf. NVE Atlas). Fare for områdeskred må avklarast i planarbeidet. – Det blir tilrådd å følgje prosedyren i kap. 3.2 i NVE rettleiar 1/2019. – Fareområde må regulerast som omsynssone H310 med tilhøyrande føresegner. Skredfare i bratt terreng: – Planområdet er kartlagt i rapport nr. 28-2017 frå Sweco. Eventuelle faresoner må regulerast med omsynssone H310 og sikre tryggleik i samsvar med TEK17 § 7-3. Havnivåstigning og stormflo: – Delar av planområdet er påverka av havnivåstigning/stormflo. NVE er ikkje myndigheit for flaum frå sjø, men gir råd basert på vassdragsdata. – Statsforvaltaren har ansvar for rettleiing om bruk av slike data.	Etter varsel om oppstart er behovet for administrasjonsbygg endra. Planen legg kun til rette for ny industrihall med tilhøyrande utomhusanlegg. Teke til vitande. Det er som del av arbeidet gjort vurdering av områdestabiliteten i området. Sjå omtale i kap. 3.13.3. Faresone H310 er lagt inn i plankartet med tilhøyrande føresegn. Planområdet slik det er foreslått avgrensa mot sjø etter varsel om oppstart er ikkje påverka

	Om vidare oppfølging: Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. Det må gå tydeleg fram korleis relevante faginteresser er vurdert og innarbeidd i planen.	av havnivåstiging/ stormflo. Planen vert sendt til NVE ved høyring/offentleg ettersyn.
Statsforvaltaren i Vestland (SFVL)	Statsforvaltaren har ingen avgjerande merknader til oppstart av reguleringsplanarbeidet, så lenge det skjer i tråd med arealføremål i kommuneplanen. Følgjande tema må vurderast og avklarast i planarbeidet: Strandsone: – Planområdet grensar til sjøen, og LNF-området mot sjøen er inkludert. – Det skal ikkje opnast for inngrep eller tiltak i LNF-arealet eller sjøen. – Bygg og anlegg nær strandkanten må ha god landskapstilpassing og estetisk utforming. Støy: – Kommunen må sikre tilfredsstillande støyforhold i tråd med retningslinje T-1442/2021. Klimatilpassing: – Statlege planretningslinjer for klima og energi skal leggjast til grunn. – Klimakonsekvensar må vurderast, og naturbaserte løysingar for overvatn bør nyttast. Massehandtering: – Planen må greie ut om terrenginngrep og masseforvaltning. – Ressurspyramiden og prinsipp for berekraftig massehandtering skal leggjast til grunn. – Det skal planleggast for minst mogleg arealinngrep og massebalanse. Ureina grunn: – Ved mistanke om ureina grunn eller sediment må det stillast krav om undersøking og forsvarleg handtering. – Tiltaksplan og akseptkriterium må utarbeidast ved behov. Samfunnstryggleik og ROS-analyse:	Føringane i overordna plan er føresett følgt. Omsynet til strandsona er nærmare omtala som del av planomtala, kap. 5.5. Retningslinjene for støy T-1442/2021 er lagt til grunn. Planretningslinja er lagt til grunn. Naturbaserte løysingar skal nyttast, sjå vedlegg 3, VAO-rammeplan. Omsynet er omtala i kap. 5.2 og føresegn om etterbruk av massar er lagt til i pkt. 3.2 a). Krav om tiltak for å hindre og/eller fjerne ureining følgjer av føresegnene pkt. 4.2.1. ROS-analysen viser risiko og sårbarheit som har verknad for tiltaka

	– ROS-analyse skal avklare reell fare, risiko og sårbarheit fullt ut. – Fareområde skal merkast som omsynssone i plankartet med nødvendige føresegner. – Havnivåstigning og stormflo må utgreiast og avklarast som del av ROS-arbeidet.	som planen legg rammer for. Alle risikotilhøve er markert i plankartet med omsynssoner.
Vestland fylkeskommune (VLFK)	Vestland fylkeskommune har vurdert oppstartsmeldinga ut frå sektoransvar og regionale målsettingar. Føremålet er delvis i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næring og LNF-område. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Følgjande tema er løfta fram som viktige i det vidare planarbeidet: Regional planforankring: Planarbeidet må ta omsyn til regionale planar, særleg: – Regional plan for klima 2022–2035 – Regional vassforvaltningsplan 2022–2027 Desse skal inngå i kunnskapsgrunnlaget og synleggjerast i planomtalen. Særskilte innspel til dette planarbeidet: VLFK legg til grunn at verknadane planløysingane har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen og ROS-analysen. Kommunal veg, KV1300 *Gunnar Schjelderups veg* har ikkje tilbod for mjuke trafikantar frå gang- og sykkelveg langs fv. 614 til næringsområdet og bustadområdet Risehamrane i nord. Her må ein vurdere om det må opparbeidast eit tilbod for dei mjuke trafikantane, anten langs den kommunale vegen, eller ein alternativ trasé utanfor plangrensa (t.d. på gbnr. 38/409). Planarbeidet må vurdere om det bør leggast til rette for busshaldeplass med fullverdig utforming i tråd med handbok då det vert opna for fleire arbeidsplassar. Konsekvensutgreiing:	Er ivareteke som del av planframlegget. Sjå omtale i kap. 5.5og i vedlagt ROS-analyse. Ei planlagt auke i tal tilsette ved Klausen Industrier frå 11 til 16 er ikkje vurdert til å kunne forsvare at det skal etablerast samband for gåande som del av den kommunale vegen Gunnar Schjelderups veg. Auken i tal arbeidsplassar er så avgrensa at det ikkje er vurdert som nødvendig å etablere ny busshaldeplass.

	VLFK minner om at planomtala som følgjer planen skal ha med ei vurdering av verknadane av planen, sjølv om det ikkje er krav om konsekvensutgreiing. Klima og miljø: – Planen må vurdere tiltak for å redusere klimagassutslepp og tilpasse seg klimaendringar. – Naturbaserte løysingar for overvasshandtering bør vurderast. Landskap og estetikk: – Utbygging må tilpassast landskapet og omgjevnadane. – Visuelle illustrasjonar frå relevante perspektiv bør følgje planforslaget. – Plassering av bygg, byggehøgde, sikteliner, materialbruk og form vil vere sentrale tema i den vidare prosessen. Kulturminne: – Ingen vesentlege merknader, men tiltakshavar har varslingsplikt ved funn av automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. leidd i Lov om kulturminne. Samferdsel: Avdeling for infrastruktur og veg ber generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til; – Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (vegkryss, avkøyrsler, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar) – Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt – Byggegrense til fylkesveg. – Tiltaka sine eventuelle konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særskilt fokus på mjuke trafikantar – Vegtrafikkstøy – Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker Generelle innspel: – Statens vegvesen si handbok N100 er gjeldande for alle offentlege vegar og ev. fråvik skal vere godkjent av vegeigar før utlegging på off. ettersyn og høyring. – Planomtala og ROS-analyse må vise verknadar for vegtransport og vegnettet.	Verknadane av planen er omtala som del av planomtala. Det følgjer av planen krav om bruk av material med lågt klimaavtrykk. Sjå utarbeidd VAO-rammeplan (vedlegg 3). Planlagt utbygging er vurdert tilpassa landskapet og omgjevandane. Sjå omtale og illustrasjonar i kap. 5.7. Det følgjer av planen forbod mot inngrep og krav om umiddelbar stans ved funn av kulturminne jf. §§ 3 og 8 i kulturminnelova. Omsyna som er lista opp under samferdsel er føresett svara ut som del av planomtala kap. 4 og 5. C-teikning følgjer planen som eige vedlegg.

	– Tilbod for mjuke trafikantar til nærliggande bustadområde bør vurderast, eventuelt via utbyggingsavtale.	
Bane NOR	Bane NOR Har vurdert varsel om oppstart og konkluderer med at området ikkje rører ved jernbana sine interesser, og at dei difor ikkje har merknadar til planarbeidet.	
Sámediggi – Sametinget	Sametinget har vurdert varsel om oppstart og har ingen kulturmiljøfaglege merknadar til planen. Sametinget minner likevel om følgande: – Alle samiske kulturminne frå 1917 eller eldre er automatisk freda etter kulturminnelova § 4 andre ledd. – Mange slike kulturminne er enno ikkje registrert. – Det er ikkje tillate å skade eller skjemme automatisk freda kulturminne eller sikringssona på 5 meter rundt, jf. §§ 3 og 6 i kulturminnelova. Det blir vist til eiga uttale frå Vestland fylkeskommune.	Det følgjer av planen forbod mot inngrep og krav om umiddelbar stans ved funn av kulturminne jf. §§ 3 og 8 i kulturminnelova.
Private innspel		
Bru Eigedom AS v/Bjarte Steinhovden, Onshore Aqua AS	Bru Eigedom AS stiller seg positiv til planarbeidet for Klausen Industrier, men peikar på følgande forhold som må ivaretakast i det vidare planarbeidet: Overføringsleidning for ferskvatn: – Steinvik har etablert ei overføringsleidning frå Risevatnet til produksjonsanlegg i Breivika, som går gjennom planområdet. – Det er gitt byggeløyve for eit bygg som skal verne leidningen der den er synleg. – Steinvik må ha kontinuerleg tilkomst til dette bygget for drift og vedlikehald. – Det er planlagt framtidig levering av vatn frå bygget, og det er behov for å sikre arealtilgang heilt fram til sjøen. Avkøyring: – Det er behov for å etablere ein bom for å hindre uvedkommande trafikk ned den bratte bakken. – Det må utarbeidast ein felles plan for delt avkøyring i samarbeid mellom partane.	Planarbeidet er ikkje føresett å påverke overføringsleidningen eller byggemeldt bygg som skal verne leidningen. Omsynet er teke med som del av pkt. 6.1.1 i føresegnene. Løysing er gjennomgått i dialogmøte og er føreslått regulert i samsvar med denne.

	Vidare prosess: – Steinvik ber om dialogmøte for å avklare behov og løysingar knytt til: – Tilkomst og areal ved sjøen. – Avkjøringsforhold.	Ynskje om dialogmøte er imøtekomme og tilhøva knytt til tilkomst og avkøyrsle er avklara.

9 Referansar

1. Klausen Industrier. Klausen Industrier. [Internett] 02 12 2025. [Sitert: 02 12 2025.] https://www.klausen.no/.

2. Vestland fylkeskommune. *Vårt verdfulle vatn, Regional plan for vassforvaltning.* s.l. : Vestland fylkeskommune, 2022.

3. Statens Vegvesen. Vegkart. *Vegkart.* [Internett] 08 01 2026. [Sitert: 08 01 2026.] https://vegkart.atlas.vegvesen.no/#kartlag:geodata_zoom/@-11694,6886236,16/hva:hva%5B0%5D%5BabsoluteIntervals%5D=false&hva%5B0%5D%5Bid%5D=540/valgt:1024548073:540.

4. Norconsult AS. *Klausen industrier - vurdering av områdestabilitet.* Sogndal : Norconsult AS, 2022.

5. Miljødirektoratet. Naturbase kart. [Internett] 27 11 2025. [Sitert: 27 11 2025.] https://geocortex02.miljodirektoratet.no/vertigisstudio/web/?app=a3a09afee5c24c459c53a9a9ff0915f1.

6. Norges vassdrags- og energidirektorat. *Veileder Nr. 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred.* Oslo : Norges vassdrags- og energidirektorat, 2019.

7. *Rapport nr 28-2017 Skredfarekartlegging i Bremanger kommune.* Oslo : Norges vassdrags- og energidirektorat, 2017. 978-82-410-1580-9.

8. Vestland fylkeskommune. *Tiltaksprogram for Vestland vassregion 2022–2027.* s.l. : Vestland fylkeskommune, 2021.

9. Vann-nett. Vann-nett. [Internett] 16 12 2025. [Sitert: 16 12 2025.] https://vann-nett.no/measures/5109-1692-M/factsheet/0282010400-C/information.

10 Vedlegg

1. Referat frå oppstartsmøte med Bremanger kommune
2. Referat frå dialogmøte med Bjarte Steinhovden
3. Referat frå dialogmøte med Vestland Fykeskommune
4. Detaljreguleringsplan Klausen Industrier, VAO-rammeplan
5. Detaljreguleringsplan Klausen Industrier, ROS-analyse
6. Detaljreguleringsplan Klausen Industrier, Plankart
7. Detaljreguleringsplan Klausen Industrier, Planføresegner
8. C-teikning av tilkomstveg i sør